

**Fra:** Anne-Karin Løken (anne-karin.loken@ks.no)

**Sendt:** 20.12.2016 11:10:10

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Bergen kommune; Etne kommune; Sveio kommune; Bømlo kommune; Stord kommune; Fitjar kommune; Tysnes kommune; Kvinnherad kommune; Jondal kommune; Odda kommune; Ullensvang herad; Eidfjord kommune; Ulvik kommune; Fusa kommune; Samnanger kommune; Os kommune; Austevoll kommune; Sund kommune; Askøy kommune; Vaksdal kommune; Modalen kommune; Osterøy kommune; Øygarden kommune; Radøy kommune; Austrheim kommune; Fedje kommune; Masfjorden kommune

**Kopi:** Fylke Hordaland; Anne-Karin Løken

**Emne:** Påminning: Den gode barnehage- og skuleeigar

**Vedlegg:** image001.gif

Vi ber om at e-posten blir vidaresend til: ordførar, rådmann, kommunalsjef, skulesjef, barnehagesjef, oppvekstsjef, HR-/personalnettverk.

---

## Vi minner om

### utviklingsprogrammet Den gode barnehage- og skuleeigar 2017–2018

#### Stad: Bergen

**Vi utvidar påmeldingsfristen til 16. januar!**

**Målgruppe:** Ordførar, rådmann, kommunalsjef, skulesjef, barnehagesjef, oppvekstsjef, HR-/personalnettverk.

Korleis kan kommunane og fylkeskommunen saman utvikle eit heilskapleg opplæringsløp for alle barn og unge, slik at vi som samfunn lukkast med formålet i barnehagelova og opplæringslova?

Lovene seier at "opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring".

Korleis kan vi som barnehageeigarar og ansvarlege for tilbodet i barnehagane, fremje gode kvalitetsbarnehagar der born trivst og utviklar seg i tråd med sine føresetnader?

Korleis kan vi som skuleeigarar fremje opplæring med faglege, kulturelle og sosiale kvalitetar, som gir elevane meistring, læring og eit godt sjølvbilette i eit helsefremjande miljø - der fysisk og psykisk helse inngår som ein naturleg del av heilskapen?

Vi kan berre lukkast dersom politisk eigarskap er basert på kunnskapsbaserte fakta og samhandling med andre partar i barnehage og skule, - for felles mål.

"Den gode barnehage- og skuleeigar" er eit tiltak for å realisere måla i KS sin eigarstrategi for barnehage og skule. Programmet skal også betre føresetnadene til å gjennomføre nasjonal barnehage- og utdanningspolitikk. Programmet er utarbeidd i samarbeid mellom KS, Fylkesmannen, Hordaland fylkeskommune, Glød- og Gnist-nettverka.

**Programmet går over tre samlingar med ei erfaringsamling i etterkant.**

**1. samling:** 23.-24. mars 2017 – Scandic Bergen City, Bergen

**2. samling:** 3.-4. oktober 2017 – stad ikkje fastsett

**3. samling:** våren 2018

**Erfaringsamling:** våren 2019

**Meir informasjon og høve til påmelding finn du her:** <http://www.ks.no/kalender/hordaland-den-gode-barnehage-og-skuleeigar/>

**Merk:** Ved påmelding forpliktar ein seg til å delta i heile utviklingsprogrammet.

## Utvida påmeldingsfrist: 16. januar 2017

Med venleg helsing

Anne-Karin Løken

Konsulent region Vest-Norge  
Consultant

E-post E-mail: [anne.karin.loken@ks.no](mailto:anne.karin.loken@ks.no)

Telefon Phone: (+47) 24 13 26 00

Mobil Cellular: (+47) 95 48 80 99

<http://www.ks.no>



KOMMUNESEKTOREN SIN ORGANISASJON  
The Norwegian Association of Local and Regional Authorities